



Notat

Dato: 19.11.2014
Arkivsak: 2014/16411-2
Saksbehandlar: benutne

| | |
|-------------|-----------------|
| Til: | Kontrollutvalet |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

Forvaltningsrevisjon av samhandling på vegområdet - status pr november 2014

Kontrollutvalet handsama RS 32/14 Oppfølging av vedtak gjeldande forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar 2013 – tilbakemelding i møte 6.5.14 og det vart m.a. gjort slikt vedtak:

«Handsaming i møte

Kontrollutvalet har vurdert fylkesrådmannen si tilbakemelding på status om oppfølging av desse tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonane og selskapskontrollane og har gjort slike vedtak.

Vedtak

Samhandling på vegområdet:

Kontrollutvalet registrerer at det er gjort lite til no for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ikkje nøgd med oppfølginga og ber om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 17.11.2014.»

Det vert vist til samferdselsavdelinga sitt brev til fylkesrådmannen av 10.04.2014 (vedlagt). Ut over det som er nemnt i brevet, er status eit godt halvår seinare, pr 30. november 2014:

- 1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref. eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).**
- 2. Vurdere om det vil vere føremålstenleg å nytte eit nettbasert system for dokumentdeling mellom fylkeskommunen og vegvesenet knytt til vegprosjekt.**

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har i lang tid ønskt å komma tettare på dei større fylkesvegprosjekta. Når vegseksjonen no har fått fleire medarbeidarar og meir kompetanse, ser vi dette som ei prioritert oppgåve for HFK. Målsettinga er å få meir kunnskap om dei store og mest risikoutsette prosjekta i ein tidleg fase. Dersom det i tidleg fase av prosjektet kjem fram problem som gjer at prosjektet kan bli meir komplisert og/eller kostnadskrevjande enn føresett, vil ein no kunna vurdere om det er mogeleg å justera eller redusera prosjektet.

Opplegg

Eigarstyringsmøta bør starta opp i planleggingsfasen av prosjekta, og derfrå jamleg til prosjektet er avslutta og evaluert. Frå SVV bør prosjektleiar og/eller byggeleiar delta, samt aktuelle medarbeidarar i prosjektet. I tillegg vil staben ved avdelingskontor Hordaland vera representert. Frå HFK ved vegseksjonen stiller normalt to sakshandsamarar, og eventuelt seksjonsleiar for vegseksjonen.

HFK bør få tilgang til aktuelle dokument for prosjektet; plandokument, tilbodsokument, avtalar, referat mv. SVV gir tilgang for HFK-personell til slike, anten gjennom prosjektplassen.no eller andre nettbaserte løysingar.

Det skal skrivast referat frå alle eigarstyringsmøta. Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har vi fått følgjande agenda:

1. Status HMS
2. Status framdrift/risikovurdering
3. Status økonomi/risikovurdering
4. Beslutningar/milepælar
5. Dato for neste møte
6. Eventuelt

Aktuelle prosjekt for eigarstyring

Fylkeskommunen har ikkje høve til å følgja opp alle prosjekta på denne måten. I bompengepakane (Bømlopakken, Askøypakken, Stord Vestside, Haugalandspakken, Kvammapakken) deltek HFK i kontaktutval eller styringsgruppe. I Bergensprogrammet er HFK representert i Styringsgruppen og FKG (Fagleg koordineringsgruppe).

Følgjande nye prosjekt er førebels valt ut for oppfølging:

- Fv 158 Grindavoll – Lepsøy
- Fv 209 Storskaret – Arefjord
- Fv 7 Lussandberget (Bjør gatunellen)

For Fv 158 har SVV og HFK hatt eit oppstartsmøte med informasjon om prosjektet den 3.11.14.

For Fv 209 er det planlagt eit oppstartsmøte den 12.12.14.

Det kan også vera mindre prosjekt, og prosjekt under bygging, som bør følgjast opp nøyare. Om dette skal gjerast ved eigarstyringsmøte, utvida rapportering til fylkesvegrådsmøte, eller på annan måte, bør vurderast i det einstilte tilfellet, basert på kunnskap og erfaringar som SVV og HFK har. Fylkesvegrådet vil vera ein naturleg arena for å drøfta slike.

3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.

Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen:

Direktør for samferdsel har avgjort at det skal kjøpast konsulenttenester til ein gjennomgang av «sams vegadministrasjon». I gjennomgangen skal ein sjå på korleis ein best kan organisere, planlegge og gjennomføre dei ansvarsområda HFK har overført til SVV. Med dette meiner ein definisjon og klargjering av ansvar, roller og samhandling. SVV har den vegfaglege kompetansen, som saman med HFK sine

vurderingar og rammer gir grunnlag for foreslåtte prioriteringar til politisk nivå, gjennom budsjettsaker og plan- og byggeprogram. Arbeidet med ein plan for arbeidet skal handsamast på møte i fylkesvegrådet den 18.12.14.

Vegseksjonen har vurdert ulike aktuelle måtar for anskaffinga, og har avventa innkjøpsseksjonen sitt arbeid om ny rammeavtale for konsulenttenester. Nyleg inngjekk HFK rammeavtale med Karabin AS om «klassisk» konsulentverksemd, herunder prosjektleiing/prosjektstøtte. Samferdselsavdelinga har vore i fleire møte med Karabin om korleis dei kan bidra til å løysa oppdraget, og dei startar no opp med første etappe. I første omgang blir det å vurdere kva slags posisjon bør HFK har som vegeigar og prosjektet med gjennomgang av rammene rundt sams vegadministrasjon.

Målsettinga med prosjektet er å vidareutvikla samarbeidet samt definera roller, ansvar og samhandling slik at alle viktige oppgåver blir gjennomført på ein best mogleg måte. Her er ein del sentrale område som kan inngå i arbeidet (ikkje utfyllande):

- korleis HFK og SVV skal samordna seg mot eksterne (kommunar, næringsliv, interesseorganisasjonar, mv)
- generell sakshandsaming – alt frå større plansaker som strategiske regionale planer til enkelttiltak (transportplanseksjonen, vegseksjonen og regionalavdelinga)
- økonomiske forhold (budsjett/rekneskap)
- prosjektstyring (dei største prosjekta)
- avtaleinngåing i forhold til tredjepart (eksempelvis ifm utbyggingsavtalar)
- samarbeidsplattformer på kollektivsida, gang/sykkel, trafikk sikring, miljø mv
- bompengepakkar
- rapportering
- informasjonsarbeid (vegopningar, stenging av veg, profilering, namnesaker)
- drift og vedlikehald

I utgangspunktet tar ein sikte på å fullføra arbeidet i løpet av første halvår 2015, men arbeidet er omfattande, så det kan bli aktuelt å dela det opp i fleire etappar. Resultatet av bistanden skal til slutt vere å vurdere forslag til endringar i mellom anna rammeavtalen, leveranseavtalen og delegasjonsreglementet.

Vurdere samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane om evalueringa:

På sakshandsamar- og leiarnivå i samferdselsavdelinga skjer det erfaringsutveksling med Rogaland og Sogn og Fjordane, men det er ikkje inngått noko formelt samarbeid. I prosessen nemnt over vil det vera naturleg med kontakt med andre fylkeskommunar.

Samferdselsavdelinga har vore i kontakt med Sør-Trøndelag fylkeskommune om organiseringa om sams vegadministrasjon, utan at HFK ønskjer å gå vidare med deira modell på dette tidspunktet. Likevel ser vi på slik uformell kontakt som nyttig. Det er også dialog og erfaringsutveksling med ulike fylkeskommunar om ulike saker.

4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapen, og handtering av fleirårige prosjekt.

Vi viser til gjennomgangen av sams vegadministrasjon, der mellom anna prosjektrekneskap, rapportering, økonomiske forhold (budsjett og rekneskap) for vegprosjekta blir tema. For øvrig viser vi til brevet av 10.04.14.

5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.

Vi viser til brevet av 10.04.14.

6. Lage ein handlingsplan innan 15.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

Etter brevet av 10.04.14 og dette svaret, meiner fylkesrådmannen fylkestinget sitt vedtak 85/13 antan er oppfylt, eller at det er prosess i gang for å oppfylle vedtaket. Ein får heile tida nye erfaringar og nye problemstillingar. Dermed vil det alltid vera prosessar på gang for å løysa oppgåvene våre på ein best mogeleg måte.